

JUBILEUM !

Ansvar
for eiga tru!

Daledagar,
-med kyrkjeleg
program

Konfirmant-
bilete


Ordinasjon av
Anders M Tolås

Hundreårs
markeringa
for Noreg

Nytt frå
kyrkjevevja

Bergsdalen kyrkje Foto: S Ulvund

Bergsdalen kyrkje 50 år



HUNDREÅRS-
MARKERINGEN
NORGE
1905-2005



NORGE
1905-2005

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: soknepresten@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret

innan 1. september

Neste nummer kjem ut i midten av september

Jubileum!

Bergsdalen kyrkje fyller 50 år.
Kyrkja og kyrkjelyden si historie
kan gjerne samlast i eitt ord:

Dugnad

dugnad (*dugnad*) m1 (norr *dugnaðr* 'hjelp', i slekt med *duge*) (samankomst med) felles gratis innsats for å gjere eit arbeid
halde, gjere d- | kyrkja vart reist på d- | byggje ein veg på d-

Stort og smått:

- Sommaren er fylt med arrangement for store og små. *Daledagane* får mykje blest, og kyrkja nyttar høvet til å markere seg med eit rikt program.
- Nesheim kyrkje skal målast i sommar. Dugnaden er alt i gang, stikk innom og ta eit strøk!
- Eidsland kapell si orgelnemnd har fått kr 20 000,- frå Sparebanken Vest til kjøp av subbass. Takk for gáva!
- Ny kyrkjegardsarbeidar på Flatekval: I sommar har Torstein Brønstad ansvar for slåtten på kyrkjegarden.
- Til no har fellesrådet gjort avtale om stell av over 50 graver på kyrkjegardane rundt om. Stellet kostar kr 650,- i år.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

ANSVAR FOR EIGA TRU!

”**Ansvar for eiga læring**” står det på eit oppslag i eit av klasseromma på Dale skule. Det handlar om at elevane ikkje må tru at lærdom kjem av seg sjølv. Dei må høyre etter, fylgja med og gjere det dei skal timane. Leksene må og gjerast. Noko er vanskeleg å læra seg, og ein trur kan hende at ein ikkje får nytte av kunnskapen seinare i livet. Likevel: Elevane må gjere noko sjølv for å lære.

Eg gjekk og tenkte på oppslaget etter at eg las det, og ein tanke byrja å surra rundt i hovudet mitt: Er det mogleg å seie noko liknande om trua. Det er ikkje ukomplisert å seie det, og ein kan stille spørsmål med det i det hela går an å snakke om ansvar for eiga tru.

Men eg høyrer frå tid til anna nokon seie at det er så vanskeleg å tru. Sant nok er den kristne trua ei gåve frå Gud, og ikkje ein eigenskap vi har i oss sjølve. Men dersom ein verkeleg ynskjer å tru på Jesus, kan ein gjere noko for det. Slik som når vi vil at sola skal gjere oss brune og gode i huden. Då hjelper det ikkje an å setje seg innandørs, i skuggen eller på andre vis unngå solstrålene. I alle fall kan ein ikkje etterpå klaga over den bleike huden.

Hovedkjelda til trua finn vi i Bibelen. Der står det mykje og mangt, og Bibelen er ei samling med ulike typar litteratur. Mest av alt kan vi lære å kjenne Jesus i Bibelen. Lese om livet hans, det han sa og gjorde, om kva det har å seie for livet vårt. Når vi les eller lyttar til Bibelen, får Gud eit høve til å la Den Heilage Ande verke i oss.

Dersom Bibelen ikkje får noko rom i livet vårt, har Han mindre anledning til å gje oss tru.

I gudstenestene våre høyrer vi og om Jesus og anna som står i Bibelen. I tillegg kan vi få mykje med oss gjennom til dømes salmesong og liturgi.

Møter på bedehuset, deltaking i bibelgrupper eller andre høve der ein er samla om Guds Ord, er og viktige kjelder til kunnskap om Jesus. For mange er det og hjelp i å snakke med andre om trua.

Eg vil ikkje heilt samanlikne tru med trening i til dømes ei idrettsgrein. Men korleis er det når ein ynskjer å verte god i fotball eller gitar? Kan ein berre gå ut på bana og rekne med at ein kan det meste? Eller å ta gitaren i hendene og rekne med å få til ein drivande gitarsolo? Nei, alle skjønar nok at det ikkje er så enkelt. Ein må trene. I byringa er ein ikkje god, men det kjem etter kvart. Og sjølv om ein ikkje vert beste i verda, kan ein likevel få det til så pass at det vert gøy, og at ein kan spele saman med andre.

Du kan trene deg til tru og. Trua kjem ved at vi tek til oss av den kristne bodskapen. Utgangspunktet er Bibelen. Om vi les eller høyrer den dagleg, bygg vi sakte og sikkert opp grunnlaget for vår tru. Men treninga må vi altså sjølve ta ansvaret for!

Frode Kvamsøe

DALEDAGANE



- **“Pipekonsert” torsdag 9.juni kl.17.00 utanfor Heradshuset**

Orgelnemnda på Eidsland sel orgelpiper til inntekt for subbass til det nye kyrkjeorgelet.

Som ei innleiing til songen under den offisielle opninga av Daledagane, stiller dei med 9 piper og 9 pipeblåsarar.

- **Gospelnight i Dale kyrkje fredag 10.juni kl.20.30**

Mange sette pris på ”gospelnighten” i fjor, då ein både fekk syngje og høyre kjente og mindre kjente songar som særleg vart sunge på 70-og 80-talet.

Kilden vert med, saman med andre songarar, og på repertoaret står mellom anna songar dei øvde inn til ein konsert med Jessy Dixon i vinter.

- **Festmusikk frå Grieg til Takle i Dale kyrkje laurdag 11.juni kl.10.15**

Det vert konsert i Dale kyrkje ved kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Ø. Steinkopf

Temaet for dagen er festmusikk. Då vert det norsk orgelmusikk til bryllaup og andre festlege høve. Mellom anna får me høyre ein av Grieg sine norske dansar framført på orgel!



I tillegg vert det framført musikk av Mons Leidvin Takle for orgel og trommer. Knut Nystedt, Ludvig Nielsen og Jan Elgarøy er også komponistar som vert representert.

- **Jubelbryllaup i Dale kyrkje laurdag 11.juni kl.15.00**

Bryllaup er jubel og fest! Mai-Linn Jahren og Roald Stormark hadde planlagt bryllaup denne laurdagen, og let seg overtale til å la vigsla skje i Dale kyrkje, som ein del av Daledagsprogrammet. Etter at dei er ferdige i kyrkja, får dei hesteskysst rundt om på Dale, som endar med overrekking av ei gåve på scena.

- **Open kyrkje fredag 10.juni kl 1600 – 20 00 og laurdag 11.juni kl 10 00 – 17 00**

Open kyrkje gjev folk høve til å komme innom i kyrkja for å sjå henne, eller for berre å ha ei fredeleg og stille stund for seg sjølv eller sama med andre. Den som vil nytte kyrkjerommet meir aktivt, kan gå ei ”bibelvandring”, til stasjonar rundt om i kyrkja. Dei kan ein stogge opp ved, og lese tekstane som er lagt ut. Velkomen!



Dale kyrkje.
Foto: Reidar Takvam

Bergsdalen kyrkje 50 år

Sundag 12. juni skal det feirast at Bergsdalen har hatt eiga kyrkje i 50 år. Det vart skrivi i avisene at 1200 menneska var samla på vigslingsdagen 3. juli 1955. Så mykje folk korkje trur eller vonar soknerådet at det kjem når dagen skal feirast, men dei ynskjer likevel alle velkomne til Bergsdalen denne dagen.



Skuleborna øvar til gudstenesta saman med kantor Tone Synnøve Ø. Steinkopf

Kl. 11.00 JUBILEUMSGUDSTENESTE

Gudstenesta vert både for og med store og små, mellom anna er born frå Bergsdalen er med. Det same er Torsdagsklubben, ei gruppe frå Dale Musikkforeining. Då kyrkja vart vigsla, var musikkforeininga og med, og spelte altså då i sitt eige jubileumsår! Kantorane i Vaksdal. Olav Arne og Tone Synnøve Ø. Steinkopf leiar det musikalske i gudstenesta, og spelar sjølvsgagt orgel

sjølve. Prestar i gudstenesta vert prost Knut A Knudsen samt noverande og tidlegare prestar i Vaksdal. Ein tek sikte på å ha høgtalarar utanfor kyrkja, og overføring av lyd til Ungdomshuset, i fall ikkje alle som ynskjer det får plass inne i kyrkja under gudstenesta. Det vert teke opp jubileumsoffer i gudstenesta.

Kl. 12.45 MAT

Dravle, rjomegraut, spekemat og flatbrød er festmaten jubileumsdagen, men det vert og hotdog å få for dei som heller vil ha det.

Serveringa skjer både i kyrkja og i Ungdomshuset, med høve til å ta med maten ut om vêret freistar til det.

Kl. 15.30 JUBILEUMSFEST

Festen vert inne i kyrkja, men med høgtalarar ute og i Ungdomshuset. På programmet står lesing av prolog og dikt, song ved Dale Mannskor og

skuleborna i Bergsdalen, helsingar, allsong og andre innslag.

FESTDAG PÅ VAKSDAL

Anders Magne Tolås vert ordinert til prest

Søndag 26.juni er det for fyrste gong presteordinasjon i Vaksdal kyrkje, og det er ein av bygda sine eigne ungdomar det gjeld. Anders Magne Tolås vaks opp på Brualeitet, og har vore med i kristent arbeid det meste av barne – og ungdomstida. I desse dagar avsluttar han eit seks år langt studie i teologi, og skal byrje som kyrkjelydsprest i Meland. Han har prøvd seg som prestevikar nokre somrar tidlegare, mellom anna i vårt eige prosti, og under studiet hadde han kyrkjelydspraksis mellom anna i Skåre i Haugesund.

Var det prest du skulle bli, Anders Magne?
- Det er ikkje slik at eg gjekk og tenkte at eg skulle bli prest, den tanken var heller fjern for meg tidlegare. Når det gjaldt yrkesval, tenkte i andre banar, men var sikker på at eg kom til å verte engasjert i kristent arbeid. Så kom biskopen på vitjing til Vaksdal bedehus og KUL, i samband med bispevisitasen i mars 1998. Han fortalte om sin veg til å bli prest, og utfordra oss ungdomar i på KUL til å tenke over om vi skulle bli prestar eller gå inn i anna heiltidsteneste i Guds rike. At det gjaldt meg, tenkte eg ikkje då eg hørte det, men eg byrja etter kvart å tenke over det han sa. Eg snakka ein del med Bård-Egil om det, og hausten det året byrja eg på bibelskule i Oslo. I løpet av året som gjekk vart det klart for meg at eg skulle verta prest. Og eg har ikkje vore i tvil seinare, heller ikkje når det butta imot i studiet.

6 år er lenge å studere. Kva går prestestudiet ut på?

- Det går ut på å skaffe seg innsikt i

Anders Magne Tolås

27 år, kjærast med svenske Lisa.

Har studert ved Misjonshøgskulen i Stavanger (2 år) og Menighetsfakultetet i Oslo (4 år). Tilsett som kyrkjelyds - prest i Meland frå 1. august.



Bibelen. Til dømes gjennom å lesa Bibeltekstane på grunnspråket, noko som kan gje ei djupare forståing av kva Bibelen har å seie til oss. Det er og viktig å kjenne kyrkja si historie, for å få ei forståing av den tradisjonen vi står i. Vi får og opplæring i den praktiske sida ved presteyrket, og det har vore ein viktig del av studiet. Samtidig med studiet har eg vore aktiv i kyrkjelydsarbeid i IMI-kirken i Stavanger, og i Storsalen i Oslo. Då har eg teke del i lovsongstenesta, hatt oppgåver som forkynnar og elles hatt leiaroppgåver. Dette har og vore verdifull erfaring for meg.

No vert du då endeleg prest. Men kva er egentleg ein kyrkjelydsprest?

- Ein kyrkjelydsprest er vanlegvis tilsett og løna av ein kyrkjelyd lokalt, og skal gjerne ta seg av eit særskild arbeidsområde i kyrkjelyden. Eg skal for min del ha ansvar for arbeidet blant ungdomane i Meland.

Utanom å studere og vere med i kyrkjelydsarbeid, kva gjer du då?

- Eg likar turar i fjellet og å vere ute i naturen elles. Om vinteren står eg svært gjerne på ski. Eg syng og spelar piano ein del, og likar elles godt å vere saman med gode vener.

Soknerådsvil til hausten!

*I september-oktober skal del veljast nye sokneråd i Vaksdal.
Sokneråda vert valt for fire år om gongen.*

Det er søkt om forsøk med eit felles sokneråd for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Nesheim sokn for perioden 2006-2009. Me veit ikkje enno om ordninga vert godkjent, men arbeider ut frå det. Dette vert ei spanande utfordring, som mellom anna vil påverke valordninga me har hatt til no. I desse fire sokna vert det to lister på valdagen. Den eine lista har kandidatar frå

soknet til det felles soknerådet. Den andre lista har kandidatar til det lokale kyrkjelydsutvalet i soknet. Forsøksordninga skal etter planen vere ut 2009. Stamnes og Eksingedalen sokn har val til eigne sokneråd slik som tidlegare.

Det vil verte meir informasjon om valet i det fyrste kyrkjebladet etter sommaren.

Kyrkjegardsdagar

Det var kyrkjegardsdagar på Nesheim og Flatekval 2. og 3. juni. Dagane hadde fokus på stell og vedlikehald, og mange møtte fram. Astrids gartneri selde blomar, og sokneråda stilte med kaffi, mjølkellappar og vaflar. På Nesheim er alle gravminna

etter kvart retta og sikra, på Flatekval står det noko arbeid att.

Slike enkle arrangement er nyttige for alle som har interesse av ein velhalden kyrkjegard, og bør haldast minst annakvart år på alle kyrkjegardane våre.



Blomhandel og vask av gravstein på ein svært velhalden Nesheim kyrkjegard.

Stamnes har fått skap med brannutstyr.

I haust var kyrkjeverja i kontakt med brannvesenet i kommunen, og dei som bur i nærleiken av Stamnes kyrkje, med tanke på å få på plass eit skap med brannutstyr i krysset ved aldersbustadane. No er skapet montert, og skal innreiast. Det skal finnast brannslangar, dysestykke og grenrøyr, samt hydrantnøkkel i skapet.

Brannvesenet skal halde ein demonstrasjon av utstyret på plassen når alt er klart. Naboane vert varsla og inviterte til deltaking i god tid.

Det er ynskje om ei rekkjevidde for sløkkjeutstyret på opp til 150 m frå brannhydranten. Dermed rekk ein fram til dei fleste husa i sentrum, i tillegg til kyrkja, bedehuset, barnehagen og aldersbustadane. Tiltaket er meint som fyrstehjelp ved branntillaup, og skal gje naboane høve til å setje i gang sløkking før brannvesenet er på plass.

Etter vona vert det organisert ei årleg brannøving for ”innbyggjarane på Hedlo.”

KONFIRMANTAR



EIDSLAND 24. APRIL

Tonje Carina Tyssebotn Mo og Ole André Eikefet saman med kapellan Edvard Bø.

(Foto: Linda Herfindal Lien)



NESHEIM 5. JUNI

Laila Nesheim og sokneprest Frode Kvamsøe.

(Foto: Kyrkjebladet)



DALE 8. MAI

Foran frå venstre: Kamilla Drangevåg, Joni Sellevold Soltvedt, Astrid Marit Hvidsten Langhelle, sokneprest Frode Kvamsøe, Siri Anne Hårvik, Lena Andreassen Standal og Therese Steinsland Boge.

Midtrekkja frå venstre: Veronika Øie Takvam, Torbjørn Klever, Kristian Vaktdal Kvamsøe, Mona Elisabeth Nottveit, Helena Strømmen, Renate Marie Venge, Marianne Steinsland, Camilla Therese Jordalen Johnsen, Mikael Nordby Karlsen, Cato Faugstad og Karianne Dale.

Bakarst frå venstre: Kim Rene Tyssøy, Aksel Øzturk Nesse, Jørgen Lie Kjøndal, Ove Andreas Kallestad, Preben Sandvik, Kim André Hop Gregersen, Fredrik Fenne Johansen, Espen Kvamme Rødland og Joakim Olsnes.

(Foto: Fotograf Gullbrå)

VÅREN 2005



VAKSDAL 8. MAI

Foran frå venstre: Julia Hanevik, Kjersti Thom Fosse, Cecilie Sarita Rydland Skånvik, kapellan Edvard Bø, Amanda Berge og Anja Rolland.

Bak frå venstre: Line Kydland, Sindre Boge, Kenneth Vik, Vidar Rosten Olsnes, Thomas Hisdal, Tom Harry Grenasberg og Nina Hisdal.

(Foto: Fotograf Gullbrå)



STAMNES 22. MAI

Foran frå venstre: Odd Efren Lunde Stamnes, Aina Elisabeth Thunestveit, kapellan Edvard Bø, Kristine Straume Samuelsen og Daniel Mathias Hesjedal.

Bak frå venstre: Odne Kallestad Dyvik, Kjetil Stamnes Carlsen, Abraham Straume Bah og Helene Thorbjørnsen.

(Foto: Fotograf Gullbrå)

NOREG I HUNDRE

Det vert ei kyrkjeleg markering av hundreårsjubileet søndag 12. juni kl.19:05 i Dale kyrkje. Dette er ei fellesmarkering for heile Vaksdal. Her får vi med oss ordførar Øyvind Olsnes, Dale mannskor og Frode Jakobsen på trompet.

Me saksar frå Kirkerådet si informasjonsbrosjyre:

Norge – verdensborger i 100 år En nasjonal og kirkelig markering

”7. juni 1905 vedtok Stortinget at den knapt hundre år gamle unionen med Sverige var oppløst, etter årelang strid med Sverige om Norges utenriksrepresentasjon. 11. juni (1. pinsedag) ble unionsoppløsningen kunngjort for det norske folk ved opplesning i kirkene landet over. Svenske styresmakter godtok imidlertid ikke stortingsvedtaket, og det ble våpenrasling i begge land utover sommeren.

I august ble den første av to folkeavstemninger avholdt. Et overveldende flertall sa ja til unionsoppløsningen. Bare menn hadde stemmerett. Kirkene ble brukt som stemmelokaler.

I september ble et forlik med svenske styresmakter underskrevet i Karlstad. Den fredelige unionsoppløsningen var et faktum.

I november ble det holdt folkeavstemning om norsk styreform. Et flertall stemte for monarki, og 27. november avla kong Haakon VII (tidl. prins Carl) ed til Stortinget som Norges konge, og eneste folkevalgte monark i nyere tid.

KIRKENS Plass I UNIONSOPPLØSNINGEN

Kongehusets, politikernes og de militæres innsats omkring unionsoppløsningen er vel kjent. Atskillig færre kjenner kirkens og kirkesamfunnenes sentrale plass i

begivenhetene. Både kirkehistorisk og i Norgeshistorien er dette understreket. Slik skildrer professor Gro Hagemann begivenhetene:

“Pinsedag 1905 var kirkene fylt til siste plass. Fire dager tidligere hadde Stortinget enstemmig erklært at foreningen med Sverige var oppløst, og i kirkene over hele landet samlet nå folk seg for å høre regjeringens meddelelse til det norske folk, og for å hente styrke til det oppgjøret som måtte komme. Den religiøse og den nasjonale vekkelsen løp sammen denne pinsesøndagen. Samme alvor og samme beslutsomhet lot til å råde overalt, i statens kirkehus så vel som i frikirkemenighetene.”

Også kirken har sin plass i den nasjonale markeringen i 2005, som kulturell og samfunnsmessig medspiller i nasjonens liv.

KIRKENS MARKERING

Det offentlige samfunn ønsker at kirken skal ta del i markeringen, og at den gjør det ut fra sin egenart, historie og plass i dagens og morgendagens samfunn. Kirkehuset har alltid ligget sentralt og godt synlig i lokalsamfunnene. Både direkte og indirekte har folk opplevd at kirken angår dem i fest og i hverdag. Det gjelder også mange som ikke definerer seg som medlemmer av noen menighet.

Det er uttrykt ønske om at alle kirkesamfunn kan medvirke, i dag som i 1905. Dessuten kommer en ny utfordring: kirken anmodes om å hjelpe samfunnet med å intergrere nye kulturer i vår nasjon. Kirkesamfunnene som tradisjonsbærere har spesielle muligheter til å føre meningsfylte

samtaler om religion og kultur med våre nye landsmenn.

Kirkens markering bør særlig skje på området den har best forutsetning for: ved feiring av gudstjenester. Markeringene bør være økumeniske og tverrkulturelle, evt. tverreligiøse der man er enige om dette.”

Noreg i hundre: Markeringa hjå oss

Vaksdal kommune har valt å desentralisere markeringa av Unions-oppløysinga til skulane, samt at det òg vert markert som ein del av Daledagsprogrammet. Den kyrkjelege markeringa vert, i samråd med ordførar, den 12. juni.

Dette er og den næraste søndagen til den nasjonale markeringsdagen, som er dagen då hendinga vart kunngjort i kyrkjene i 1905.

Markeringa høver og godt ihop med Daledagane.

Vi ynskjer alle velkomne til gudstenesta som seg hør og bør byrjar kl. 19:05.

Her er ingen gjester, men alle høyrer vi naturleg med i markeringa av ei viktig historisk hending i land og folk. Ei hending som vart grunnleggjande for kven vi er og vil vere i framtida lokalt, nasjonalt og internasjonalt. I det små får vi òg sjå det store.

Edvard Bø

VELKOMEN TIL VAKSDAL SUNDAG 26. JUNI !

Ordinasjonsgudstenesta

tek til kl. 11.00, og det er biskop Ole D Hagesæther som står for ordinasjonen. Fleire andre prestar er og med, blant dei er Kjell Arne Norum og Bård-Egil Dyrhol. Begge desse to er tidlegare prestar i Vaksdal, og vert med i forbønshandlinga denne dagen, etter Anders Magne sitt ynskje. Det same er og Knut-Erlend Rosvold frå Stamnes. Frå Meland sokneråd kjem Per Audun Heskestad, som og er med som forbedar. Anders Magne var med og starta songgruppa som etter kvart vart til Kilden, og koret vert med både i gudstenesta og på festen etterpå. Det er

nattverd i gudstenesta og takkoffer til Menighetsfakultetet.

Etter gudstenesta

inviterer soknerådet til fest i Samfunnssalen, og dei samarbeider med KUL (Vaksdal Kristne UngdomsLag) om programmet der. Det naturlege hadde nok vore å samlast i Bedehuset, der Anders Magne har vore med i ungdomsarbeidet. Men då bedehuset kan hende ville blitt for lite til alle som vil vere med, vert festen etter ordinasjonsgudstenesta altså i Samfunnssalen. Det vert det servering av betasuppe og kaker.

**Både gudstenesta og festen etterpå er
OPEN FOR ALLE
som ynskjer å koma, så ver velkomen!**

ORDINASJON: Kirkelig innvielse av person som er kallet til å gjøre prestatjeneste.


(Caplex.no)

”NO LIVNAR DET I LUNDAR, NO LAUFAST DET I LI...”

Ja, jamen er våren, for ikkje å snakke om sommaren, over oss for fullt! Det er triveleg når me ser grønne lier, blad og blomar over alt. Når sola varmar og alt er fryd og glede.

Men kanskje det også tyder at kjellaren/boden din er tom for saft frå forrige haust? I så fall, ikkje fortvil. BUR, Norges Samemisjon har framleis for sal god saft produsert hausten 2004! Den inneheld ingen kunstige tilsetjingsmiddel, berre sjølvplukka bær, litt eple, vatn frå Ekso (elva i Eksingedalen) og sukker. Den er laga på ”gamlemåten” og kokt med omsorg og kjærleik. Alt med ynskje om å hjelpe menneske som treng vår støtte i sterk grad.

Me gjev all inntekt frå salet til Norges Samemisjon sitt hjelpearbeid blant samar på Kolahalvøya i Russland. Den sosiale



og andelega nauda der er stor. Mange menneske har ikkje ein gong det aller nødvendigaste for å overleve, så som mat, medisn, tette, varme hus, utdanning, osv. Mange ynskjer å høyre Guds ord forkynt og vere ein del av eit kristent fellesskap. Me ynskjer å hjelpe! Vil du vere med?

Kanskje dei varme sommardagane også gjer at du har meir lyst på brus enn elles? Me sel brus til inntekt for same formål. Me har mange ulike smaker å tilby, også ein sukkerfri variant, om du skulle ynskje det.

Og har du allereie byrja tenkje på hausten med sine mørke kveldar, kan du også kjøpe sjølv laga lys frå oss.

Dersom du er interessert i noko av dette, kan du ta kontakt med Åshild på telefon 991 65 714

Takk for hjelp og støtte!!!!

Med vennleg helsing

Barne- og Ungdomsrådet,
Norges Samemisjon, Bergen krets

ER FERIEPLANENE KLARE?

Noen av oss er ganske flinke å planlegge på lang sikt, og for dem er sikkert ferieplanene lagt, om ikke i detalj. Mange skal sikkert til utlandet, og i den forbindelse vil vi gjerne komme med et godt råd og et godt tips. Sjømannskirkene ønsker alle velkommen innom. Som en sa det så greit: ”Når du drar forbi en sjømannskirke, så ikke gjør det, - dra innom.”

Som mange vet, så har **Sjømannskirken** kirker i mange land og verdensdeler. Om det heter sjømannskirke, så betyr ikke det at andre ikke er velkommen. Snarere tvert imot. For alt fra den spede begynnelse har kirkene våre vært kirker for alle de som har befunnet seg utenfor landets grenser. Konsekvensen av dette og som en understrekning av det har vi lagt til navnet – **norsk kirke i utlandet**.

På den måten vil vi signalisere at alle er hjertelig velkommen innom, til en kopp kaffe, en prat, en titt i norske aviser eller benytte seg av stabens lokalkunnskap. For det vet vi som har vært ansatt ved en sjømannskirke ute i verden at det er ikke alle spennende reisemål

som står i turistbrosjyrene. Også dette kan en få tips om på kirkene våre.

Ja, og skulle ulykken eller uhellet være ute, kan det være greit å spørre om hjelp av noen som er kjent lokalt. Selvsagt håper vi at slikt kan unngås, men beredskap for slikt er jo og en del av kirkens oppdrag.

På Sjømannskirkens hovedkontor i Bergen



SJØMANNSKIRKEN

Norsk kirke i utlandet

kan dere få en oppjustert liste over alle kirkene våre, det være seg i Europa, USA eller i Østen. Denne finner dere og i Organisasjonens blad, Bud og hilsen,. Sjekk og på: www.Sjomannskirken.no. Ta gjerne kontakt, og vi formidler informasjon.

Altså, - ikke kjør forbi en sjømannskirke om du gjør det i ferien. Kjør innom!!!

Velkommen hjem – verden rundt!!



LEIR PÅ RAKNESTUNET sommaren 2005

18.-19. juni:	Minileir	1. - 2. klasse	Barn: kr. 250,- Vaksne: kr. 350,-
24.-26. juni:	Yngstes 2	3. - 4. klasse	Kr. 440
28. juni-1. juli:	Yngres 2	5.-7. klasse	Kr. 600
4.-7.juli:	Yngres 3 Dyreleir	5. - 7. klasse	Kr. 600
8.-10. juli:	Yngstes 3: Dyreleir	3. - 4. klasse	Kr. 440
28. juli-1. august:	Ten 2	8.-10. klasse	Kr. 770
3.-7. august:	Ungdomsleir	10. klasse og oppover	Kr. 770
9.-12. august:	Yngres 4: Fotballeir	5. - 7. klasse	Kr. 600

Aldersgrensene gjeld for den klassen ein skal ta til i hausten 2005.

Avmeldingsgebyr kr. 50,- (ved avmelding etter at program og giro er sendt ut)


Påmelding: Nordhordland Indremisjon, tlf: 56 17 70 25, e-post: nordhordland@imf.no
Opningstid på kontoret: Måndag - torsdag: 09.00-14.30. Fredag: Stengt

FRÅ VAKSDAL TIL VERDAS TAK

- Vaksdal sitt misjonsengasjement i Nepal

Kjartan og Elisabeth Gullbrå er no attende til Vaksdal, saman med borna Ole-Johan og Ingrid Marie. I juni ventar dei sitt tredje barn, og tek sikte på å returnere til Katmandu i byrjinga av september. Deira heimeside på internett: <http://home.no.net/kjagull>

Basaren i Bergsdalen den 16. april, sytte for kr. 6000,- til inntekt for misjonsprosjektet i Nepal. Elisabeth kom frå Nepal same veke, og var med på basaren. Ho viste bilete og fortalde frå livet i Kathmandu, og freista jamvel å lære oss ein song på nepalesisk. Kyrkjesalen var på det næraste full av folk denne laurdags ettermiddagen. Soknerådet skipa til basaren, og sytte som vanleg for god servering til dei frammøtte. Gevinstar til basaren fekk soknerådet både frå private, som frå næringslivet. DoN stilte med genser, og BKK gav ulike ting. Eit naturbilete frå Sveinung Klyve var og mellom det som vart lodda ut. Takk til alle som kom, og til alle som gav!



Tibetmisjonen sitt Sommarstemne vert 28. - 31. juli i Telemark. Steinar Opheim er hovedtalar, og det vert spanande besøk frå nokre av Tibetmisjonen sine utsendingar. Silje H. Heier og Rachel M. Lørum skal holde seminar om endringar i samband med det å enten koma heim frå, eller ut til eit annat land. Det vert og tilbod om kanaltur, sosialt samvær og vonaleg masse sol og fine dagar. Info: www.tibetmisjonen.org.

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

27.03 Alexandra Roti
27.03 Marie Fenne Johansen
27.03 Fredrik Fenne Johansen
27.03 Aksel Øzturk Nesse

VAKSDAL

20.03 Charlotte Margrete Drangevåg
20.03 Julie Marlen Waage Knappskog

BERGSDALEN

27.03 Anna Marie Lid Hermansen
27.03 Mari Lid Lervik

EKSINGEDALEN

22.05 Adrian Dale-Haga
22.05 Kristian Bjørn Nese
22.05 Simen Nikolai Rykke

VIGDE

DALE

28.05 Ann-Björg Dalseid og
Bjørn-Kaare Tollefsen

AVLIDNE

DALE

09.04 Henrik Breistein, f.1921
09.05 Gunnar Henriksen, f. 1917
24.05 John Hop, f. 1915
02.06 Kitty Johnsen, f 1919

VAKSDAL

19.03 Marit Berge, f.1923
18.04 Nelly Erstad, f.1913

STAMNES

28.03 Odd Stamnes, f.1926

KONSERT

I VAKSDAL KYRKJE

Måndag 11.juli kl.19.30

”Cologne New Philharmonic Chamber Orchestra”

Vivaldi: “Sommeren” fra De fire årstidene

J.S.Bach: Konsert for obo, fiolin og orkester

Grieg: Lyriske stykker for strykeorkester

Mozart: Serenade for obo og strykere

Purcell: Suite frå “The Fairy Queen”

UTE- GUDSTENESTER

Sundag 24. juli kl. 12.00:

DALASTEMNA

Det har etter kvart vorte ein tradisjon att, med stemne ved Storavatnet mellom Flatekval og Farestveit i Modalen. Frå Flatekval går ein opp ved Dalastova, og det er felles avgang kl. 10.00. Ein må rekne med å gå i om lag ein og ein halv time til Storavatnet. Ved dårleg ver, vert gudstenesta halden i Mo kyrkje. Ta kontakt med soknepresten, 90 19 65 14, dersom du treng stadfesting på kvar gudstenesta vert.

Sundag 21. august kl. 11.00:

”FEST PÅ KJERKA” i Messehagen på Dale

For femte gong samarbeider Dale sokneråd med Sjømannskirken (som tidlegare heitte Sjømannsmisjonen) om gudsteneste med meir i Messehagen på Dale. ”Fest på kjerka” er eit uttrykk Sjømannskirken sjølv nyttar i sitt arbeid rundt om i verda, og kan hende er det særleg dei som har vore i utanriksfart til sjøs eller på landevegen som har vore med på noko slikt før. Dale er korkje Dubai, New Orleans eller ein av dei mange andre stadene Sjømannskirken er tilstades, men vi vil likevel freiste å få til litt av det opne fellesskapet som Sjømannskyrkjene rundt om er kjent for. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi, sjølvsagt med vafler, og ei kort samling etterpå. I gudstenesta vert og årets konfirmantar i Dale sokn presenterte. Ved dårleg ver skjer det heile i Dale kyrkje.

SAMEMISJONEN

I Samband med Samemisjonen sitt Landsmøte på Nordhordland Folkehøgskule, Frekhaug, frå 30. juni, er det gudsteneste i Vaksdal kyrkje sundag 3.juli.

NON-STOP BØNEHELG

Neste bønnehelg vert 2. til 4. september i Dale bedehus. Gjer vel å setje helga av!

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

26.juni kl.11.00 Ordinasjonsgudsteneste.
Ordinasjon av Anders Magne Tolås v/biskop
Hagesæther. Offer til Menighetsfakultetet.

3.juli kl.11.00 Gudsteneste i samband med
Samemisjonen sitt landsmøte. Bø. Nattverd.
Offer til Samemisjonen.

17.juli kl.19.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

31.juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

14.august kl.11.00 Høgmesse: Bø. Nattverd.

28.august kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

18.september kl. 11.00 Familiegudsteneste.
Bø. Konfirmantpresentasjon.

DALE KYRKJE

12.juni kl.19.05 Gudsteneste i høve 100-års
markeringa av unionsoppløysinga. Bø.

10.juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

7.august kl.20.00 Høgmesse. Bø.

21.august kl.11.00 ”Fest på kjerka”.
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

STANGHELLE BEDEHUS

4.september kl.11.00 Søndagsskulens dag.
Stanghelle Søndagsskule 100 år. Kvamsøe.

BERGSDALEN KYRKJE

12.juni kl.11.00 Jubileumsgudsteneste.
Feiring av kyrkja sitt 50-års jubileum.
Prost Knutsen m.fl.. Offer til jubileet.

3.juli kl.15.00 Stølgudsteneste på Liastølen.
Bø.

11.september kl.11.00 Bergsdalsstemna.
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

EKSINGEDALEN KYRKJE

24.juli kl.12.00 Dalastemna. Kvamsøe.

21.august kl.16.00 Høgmesse. Deltaking frå
Sjømannskyrkja. Bø. Nattverd. Takkoffer til
Sjømannskyrkja.

NESHEIM KYRKJE

10. juli kl. 18.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd

28. august kl. 12.00 Gudsteneste på
Nesheimstølen. Bø.

STAMNES KYRKJE

19.juni kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd. Offer til Ving.

17.juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

21.august kl.19.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

EIDSLAND KAPELL

31.juli kl.15.00 Høgmesse. Kvamsøe
Nattverd.

18.september kl.17.00. Familie-
gudsteneste. Bø. Konfirmantpresentasjon.

STØLS - GUDSTENESTER

Sundag 3. juli kl. 15.00:

LIASTØLEN I BERGSDALEN

For tredje gong vert det stølsgudsteneste i Bergsdalen, og dette året er det Liastølen som står for tur. Dei raskaste går til stølen på ein halv time, andre må nok rekne opp til ein time før dei er framme. Det er høve å parkere på tomta til saga på Lid, og så gå over brua om lag 300 m lenger oppe. Då dette er sjølve femtiårsdagen for vigslinga av kyrkja i Bergsdalen, vert det og ei lita markering av jubileet der.

Sundag 28. august kl. 12.00:

NESHEIMSTØLEN

Nytt av året er gudsteneste på Nesheimstølen, i samband med stølsdag og marknadsdag i Eksingedalen siste helga i august. Ein startar ved merka sti på Nesheim kl.10.30. Ved dårleg ver vert det gudsteneste i Nesheim kyrkje.